



DET KONGELEGE  
ARBEIDS- OG SOSIALDEPARTEMENT

# Prop. 7 L

(2017–2018)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

---

Endringar i lov om pensjonstrygd for sjømenn,  
trygderettslova, folketrygdlova og einskilde  
andre lover (Samleproposisjon hausten 2017)



# Innhold

<b>1</b>	<b>Hovudinnhaldet i proposisjonen .....</b>	<b>5</b>	<b>5</b>	<b>Endringar i folketrygdlova .....</b>	<b>13</b>
				Endringar i oppteningsperioden for rett til dagpengar under arbeidsløyse – folketrygdlova	
				§§ 4-4, 4-11 og 4-15 .....	13
2	<b>Endringar i lov om pensjonstrygd for sjømenn .....</b>	6	<b>5.1</b>	Innleiing og bakgrunn.....	13
2.1	Innleiing .....	6	<b>5.1.1</b>	Departementet si vurdering og forslag .....	13
2.2	Bakgrunn – Pensjonstrygda for sjømenn .....	6	<b>5.1.2</b>	Ikraftsetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar.....	14
2.3	Nærmare om grunnfondet .....	6	<b>5.1.3</b>	Rett til grunnstønad til hald av servicehund – folketrygdlova § 6-3	14
2.4	Høyring .....	7		Innleiing og bakgrunn.....	14
2.5	Departementet si vurdering og forslag .....	7		Departementet si vurdering og forslag .....	15
2.6	Ikraftsetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar .....	8	<b>5.2</b>	Ikraftsetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar.....	15
			<b>5.2.1</b>	Oppretting i føresegna om rett til uføretrygd når kravet blir sett fram etter fylte 62 år – folketrygdlova § 12-4 .....	15
3	<b>Endringar i trygderettslova .....</b>	8	<b>5.2.2</b>	Gjeldande rett og bakgrunn .....	15
3.1	Lovfesting av høve til å innhente politiattest ved tilsettingar i Trygderetten .....	8	<b>5.2.3</b>	Departementet si vurdering og forslag .....	15
3.1.1	Innleiing og bakgrunn .....	8		Ikraftsetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar .....	15
3.1.2	Departementet si vurdering og forslag.....	8	<b>5.3</b>	Oppretting i føresegna om rett til uføretrygd når kravet blir sett fram etter fylte 62 år – folketrygdlova § 12-4 .....	15
3.2	Lovfesting av departementet sitt høve til å overta utøvinga av staten si partsstilling i søksmål om Trygderetten sine orskurdar – trygderettslova § 26 .....	8	<b>5.3.1</b>	Gjeldande rett og bakgrunn .....	15
3.2.1	Innleiing .....	8	<b>5.3.2</b>	Departementet si vurdering og forslag .....	15
3.2.2	Gjeldande rett. Bakgrunn .....	9	<b>5.3.3</b>	Ikraftsetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar ...	15
3.2.3	Departementet si vurdering og forslag.....	10	<b>5.4</b>	Avrekning av feilutbetalinger som skuldast for høg inntekt i uføretrygd – folketrygdlova § 22-16 .....	16
3.3	Oppretting av ein inkurie i trygderettslova § 26 .....	10	<b>5.4.1</b>	Innleiing og bakgrunn.....	16
3.4	Lovfesting av retten til å sende elektronisk melding om orskurdar og vedtak .....	11	<b>5.4.2</b>	Departementet si vurdering og forslag .....	16
3.4.1	Innleiing og bakgrunn .....	11	<b>5.4.3</b>	Ikraftsetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar ...	16
3.4.2	Departementet si vurdering og forslag.....	11		Oppheving av hjelpestønad sats 0 – folketrygdlova § 26-2 .....	16
3.5	Iverksetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar .....	12	<b>5.5</b>	Innleiing og bakgrunn.....	16
			<b>5.5.1</b>	Departementet si vurdering og forslag .....	16
			<b>5.5.2</b>	Ikraftsetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar .....	17
			<b>5.5.3</b>	Retting av tilvisingar i folketrygdlova § 2-5 andre ledet .....	17
4	<b>Endringar i forskotteringslova .....</b>	12	<b>5.6</b>	Retting i folketrygdlova kapittel 9 – oppheving av § 9-11 a .....	17
4.1	Innleiing og bakgrunn .....	12	<b>5.7</b>	Retting av ei tilvising i folketrygdlova § 23-3 .....	17
4.2	Departementet si vurdering og forslag .....	12	<b>5.8</b>		
4.3	Ikraftsetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar .....	13			

<b>6</b>	<b>Endringar i arbeids- og velferdsforvaltningslova og folketrygdlova som følgje av ny folkeregisterlov .....</b>	18	8.2	Merknader til endringane i trygderettslova .....	19
6.1	Innleiing og bakgrunn .....	18	8.3	Merknader til endringa i forskotteringslova .....	19
6.2	Departementet si vurdering og forslag .....	18	8.4	Merknader til endringane i folketrygdlova .....	19
6.3	Iverksetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar .....	18	8.5	Merknader til endringa i lov om arbeids- og velferdsforvaltninga ...	20
			8.6	Merknader til endringa i arbeidsmiljølova § 18-6 første ledd .....	20
<b>7</b>	<b>Retting av feil i arbeidsmiljølova § 18-6 om påleggskompetansen til Arbeidstilsynet .....</b>	18		<b>Forslag til lov om endringar i lov om pensjonstrygd for sjømenn, trygderettslova, folketrygdlova og einskilde andre lover .....</b>	21
<b>8</b>	<b>Merknader til dei einskilde lovendringsforsлага .....</b>	19			
8.1	Merknader til endringa i sjømannspensjonslova .....	19			



DET KONGELEGE  
ARBEIDS- OG SOSIALDEPARTEMENT

# Prop. 7 L

(2017–2018)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

## Endringar i lov om pensjonstrygd for sjømenn, trygderettslova, folketrygdlova og einskilde andre lover (Samleproposisjon hausten 2017)

*Tilråding frå Arbeids- og sosialdepartementet 3. november 2017,*

*godkjend i statsråd same dagen.*

*(Regjeringa Solberg)*

### 1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

Arbeids- og sosialdepartementet legg i denne proposisjonen fram forslag om endringar i følgjande lover:

- lov 3. desember 1948 nr. 7 om pensjonstrygd for sjømenn (sjømannspensjonslova)
- lov 16. desember 1966 nr. 9 om anke til Trygderetten (trygderettslova)
- lov 17. februar 1989 nr. 2 om bidragsforskott (forskotteringslova)
- lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd (folketrygdlova)
- lov 17. juni 2005 nr. 62 om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern mv. (arbeidsmiljølova)
- lov 16. juni 2006 nr. 20 om arbeids- og velferdsforvaltninga (arbeids- og velferdsforvaltningslova)

Dei følgjande endringsforsлага blir fremja for å følgje opp forslag som er fremja i Prop. 1 S (2017–2018) Statsbudsjettet for 2018:

- oppheving av redusert forskottssats (endring av forskotteringslova §§ 5 og 7)
- berre arbeidsinntekt frå det sist avslutta kalenderåret skal gi opptening til dagpengar og at sjukepengar og pleiepengar mv. skal reknast

som arbeidsinntekt (endring av folketrygdlova § 4-4)

- berre inntekt frå det sist avslutta kalenderåret tel med i dagpengegrunnlaget (endring av folketrygdlova § 4-11)
- om at ein dagpengemottakar berre kan få ein stønadspериode på 104 veker når inntekta har vore på meir enn 2 gonger grunnbeløpet i folketrygda det sist avslutta kalenderåret (endring av folketrygdlova § 4-15)
- om rett til grunnstønad til hald av servicehund (endring av folketrygdlova § 6-3)
- oppheving av hjelpestønad sats 0 (endring av folketrygdlova § 26-2)

Vidare blir følgjande endringar foreslått:

- avvikling av grunnfondet i pensjonstrygda for sjømenn og overføre midlane til reguleringsfondet (endring av sjømannspensjonslova § 14)
- visse endringar i trygderettslova, mellom anna å lovfeste høvet til å innhente politiattest ved tilsettingar i Trygderetten og å leggje til rette for å kunne sende elektronisk melding om orskurdar og vedtak
- retting i folketrygdlova kapittel 9 – oppheving av folketrygdlova § 9-11 a
- retting av ei tilvising i folketrygdlova § 23-3 andre ledet

- retting av tilvisingar i folketrygdlova § 2-5 andre leddet
- oppretting i føresegna om rett til uføretrygd når kravet blir sett fram etter fylte 62 år
- oppretting i føresegna om avrekning av feilutbetalingar som skuldast for høg inntekt
- endringar i arbeids- og velferdsforvaltningslova og folketrygdlova som følge av ny folkeregisterlov
- retting av feil i arbeidsmiljølova § 18-6 om påleggskompetansen til Arbeidstilsynet

## **2 Endringar i lov om pensjonstrygd for sjømenn**

### **2.1 Innleiing**

Arbeids- og sosialdepartementet gjer med dette framlegg om endringar i lov 3. desember 1948 nr. 7 om pensjonstrygd for sjømenn (sjømannspensjonslova) § 14.

Forslaget går ut på å avvikle grunnfondet i pensjonstrygda for sjømenn og overføre midlane til reguleringsfondet. Bakgrunnen for dette er å styrke bufferkapitalen i ordninga, og dermed redusere risikoien for at statsgarantien løysast ut dersom økonomien i ordninga skulle svikte. Tiltalet gjer det òg mogeleg med betre avkastning enn i dag.

Framlegget er tufta på forslag frå styret for Pensjonstrygden for sjømenn.

### **2.2 Bakgrunn – Pensjonstrygda for sjømenn**

Pensjonstrygda for sjømenn er ein offentleg, lovbestemt tenestepensjonsordning som blei etablert i 1948. Føremålet med ordninga er å gi sjøfolk høve til tidleg alderspensjon frå fylte 60 til 67 år.

Den er i utgangspunktet ei pliktig trygdeordning for arbeidstakarar om bord på norske skip på minst 100 bruttotonn. Som skip i pensjonstrygda er alle skip, fiske- og fangstfartøy, borefartøy og annan flyttbar innretning i sjøen som har eige framdriftsmedel eller utstyr for boring etter undersjøiske naturførekommstar, og som er ført inn i norsk skipsregister (NOR eller NIS).

Minstekravet for rett til pensjon er 150 pensjonsgjevande fartsmånader (12,5 år). For full pensjon er det naudsynt med 360 fartsmånader (30 år). Pensjonane bereknast ut i frå kor mange fartsmånader sjømannen har og pensjonssatsane på tidspunktet for uttak. Satsane på uttakstidspunktet er for overordna 0,91 prosent av G, og for

underordna 0,76 prosent av G for fartstid etter 30. april 1993 og 0,65 prosent av G for fartstid før 1. mai 1993. Pensjonen regulerast årleg på same måte som alderspensjon i folketrygda.

Ved utgangen av 2016 var det i overkant av 28 000 aktive medlemar i ordninga, mens det var vel 8 000 pensjonistar.

Pensjonstrygda for sjømenn er utlikningsfinansiert. Det vil seie at utgifter i eit år skal dekkjast av inntekter i det same året. Inntektene kjem frå arbeidsgjevarar (reiarlag) og aktive sjøfolk, avkastning frå trygdas fond og bidrag frå staten. I periodar der inntektene er større enn utgiftene, byggjast det opp eit reguleringsfond (bufferfond) som skal nyttast til å finansiere pensjonsutgiftene i periodar der inntektene er lågare enn utgiftene. Ordninga er garantert av staten. Det inneber at når utgiftene i ordninga er større enn inntektene, og det ikkje lenger er midlar i reguleringsfondet, skal staten dekkje differansen.

Som følgje av statsgarantien, har staten i tida 2003–2013 gitt om lag 3,9 milliardar kroner (nominelle kroner) i tilskot for å dekkje dei årlege underskota i ordninga. I same periode har staten gitt om lag 1,5 milliardar kroner (nominalle kroner) i tilskot til einskilde ytingar som staten etter sjømannspensjonslova i alle høve skal finansiere. Det samla statstilskotet for tida 2003–2013 er dermed om lag 5,4 milliardar kroner (nominalle kroner).

Pensjonstrygda for sjømenn har gått med overskot i 2014, 2015 og 2016. Overskotet leggjast til reguleringsfondet, jf. sjømannspensjonslova § 14 nr. 2. Reguleringsfondet var ved utgangen av 2016 på 101 millionar kroner.

Pensjonsordninga blir administrert av Pensjonstrygden for sjømenn. Ordninga har eit styre på fem medlemar som er utnemnd for fire år om gangen. Arbeids- og sosialdepartementet utnemner styret. To medlemar utnemnes etter forslag frå organisasjonane til arbeidstakarane og to medlemar etter forslag frå organisasjonane til arbeidsgjevarane (reiarlaga). Den femte medlemen skal vere leiaren i styret. Ansvaret til styret er regulert i lova og i instruks fastsett av departementet. Styret skal mellom anna forvalte fonda i ordninga etter reglar som er fastsett av Kongen med godkjening frå Stortinget.

### **2.3 Nærmore om grunnfondet**

Grunnfondet i pensjonstrygda kjem frå Nortraship-oppgjeret etter andre verdskrig. Etter at kriegen var slutt og skipsreiarane fikk tilbake skipa sine, begynte Nortraship arbeidet med å leggje

ned organisasjonen. Dette innebar eit forsikringsoppgjer for tapte skip, kompensasjon for brukte skip mv. Prinsippa for oppgjeren blir bestemt av ein komité med representantar frå reiarlaga og staten, som la grunnlag for ein lov om oppgjeren, jf. lov 19. juni 1946 om Nortrashipoppgjøret.

På bakgrunn av sjøfolka sin innsats under kri-  
gen blir det i sjømannspensjonslova bestemt å  
setje av 186 millionar kroner til grunnfond for ein  
varig pensjonsordning for sjømenn. Etter lova § 14  
nr. 1 kan grunnfondet ikkje nyttast til å dekkje  
pensjonstrygdas utgifter. Avkastning frå fondet  
kan bidra til å finansiere ordningas pensjonsutgif-  
ter.

I følgje lova § 14 nr. 3 skal trygda sine fond  
(både grunnfond og reguleringsfond) forvaltast  
av styret, etter reglar fastsett av Kongen med god-  
kjening frå Stortinget. Etter avtale mellom styret  
og staten ved Finansdepartementet, stod grunn-  
fondet frå 1949 til 1. juli 1979 som kontolån i stats-  
kassa. Etter ønske frå styret blei lånet frigitt til sty-  
ret si forvalting i november 1992.

Grunnfondet blei deretter fram til 2003 for-  
valta på same måte som reguleringsfondet. I følgje  
retningsliner for forvaltinga, skulle eit beløp tilsva-  
rande trygda sitt grunnfond haldast plassert i  
stats- og statsgaranterte obligasjonar og sertifikat  
og kontolån til statskassa.

Berekningar basert på utviklinga i konsum-  
prisindeksen, viser at eit beløp på 186 millionar  
kroner i 1948 svarar til nærmere 3,8 milliardar kro-  
ner i 2016.

## 2.4 Høyring

Arbeids- og sosialdepartementet sende 5. juli 2017  
på høyring eit framlegg om endringar i sjø-  
mannspensjonslova § 14. Høyringsfristen var  
1. oktober 2017.

I høyringsnotatet viste Arbeids- og sosialde-  
partementet til at økonomien i pensjonstrygda  
for sjømenn er sensitiv for endringar i medlems-  
massen. Departementet tilrådde derfor å avvikle  
grunnfondet på 186 millionar kroner og overføre  
midlane til reguleringsfondet, for å mogeleggjere  
betre avkastning på dei aktuelle midlane enn i  
dag. Tiltaket vil og styrke bufferkapitalen i ord-  
ninga, og dermed gjere faren mindre for at stats-  
garantien løysast ut dersom økonomien i ord-  
ninga skulle svikte. Vi viser nærmare til punkta  
ovanfor.

Høyringsnotatet blei sendt til:  
Finansdepartementet  
Nærings- og fiskeridepartementet

Arbeids- og velferdsdirektoratet  
Finanstilsynet  
Garantikassen for fiskere  
Pensjonstrygden for sjømenn  
Sjøfartsdirektoratet  
Statens pensjonskasse

Det norske maskinistforbund  
Finans Norge  
Fiskebåt  
Industri Energi  
Kystrederiene (tidl. Fraktefartøyenes  
rederiforening)  
NHO Sjøfart  
Norges Fiskarlag  
Norges Rederiforbund  
Norsk Sjømannsforbund  
Norsk Sjøoffisersforbund  
Sammenslutningen av fagorganiserte i energi-  
sektoren

Desse høyringsinstansane skriv at dei ikkje har  
merknader til framlegget i høyringsnotatet:  
Arbeids- og velferdsdirektoratet  
Finanstilsynet

Desse høyringsinstansane skriv at dei støtter  
framlegget  
Pensjonstrygden for sjømenn  
Kystrederiene  
NHO Sjøfart  
Sjømannsorganisasjonenes Fellessekretariat

Ein anonym skriv mellom anna at samanslåinga av  
reguleringsfond og grunnfond gir mindre trygg-  
leik for sjøfolka, da grunnfondet nettopp er «buffe-  
ren» i ordninga.

## 2.5 Departementet si vurdering og forslag

Økonomien i pensjonstrygda for sjømenn er sensiti-  
v til endringar i medlemsmassen. Premieinntek-  
ter frå arbeidsgjevarar og arbeidstakrarar, som  
utgjør mesteparten av trygda sine inntekter, er  
direkte avhengig av kor mange aktive medlemmer  
som er pliktig omfatta av pensjonstrygda til ei kvar  
tid, og storleiken på medlemmene sine inntekter.  
Desse forholda er dels avhengig av den generelle  
sysselsetjingssituasjonen for sjømenn og offshore-  
personell om bord på norske og utanlandske skip  
og installasjonar som norske reiarlag disponerer.  
Inntektene er også avhengig av kor mange trygde-  
pliktige sjømenn frå land utanfor EU/EØS-området  
desse reiarlaga har. Dette er igjen avhengig av ei  
rekke forhold som heng saman med mellom anna

rammevilkår for norsk skipsfart og offshoreverksemnd. Om lag 53 prosent av den aktive medlemsmassen arbeider i offshoresektoren.

Som nemnd blei det sett som krav i lova at pensjonstrygda for sjømenn til ei kvar tid skulle ha eit grunnfond på 186 millionar kroner, og at berre avkastninga frå fondet skulle inngå i finansieringa av ordninga. For å sikre grunnfondet har man derfor i periodar (når reguleringsfondet har nærma seg null) forvalta fondet med ein lav risikoprofil og dermed har og vinninga vore liten.

Da grunnfondet blei skipa i samband med Nortraship-oppgjaret, var 186 millionar kroner eit stort beløp, mens det i dag utgjer ein liten del av skyldnadene som ordninga har. Dei er berekna til å utgjere mellom 11 og 14 milliardar kroner. Grunnfondet har derfor lite å seie som bufferkapital.

Departementet tilrår på dette grunnlag å avvikle grunnfondet på 186 millionar kroner og overføre midlane til reguleringsfondet, for å mogeleggjere betre avkastning på dei aktuelle midlane enn i dag. Tiltaket vil og styrke bufferkapitalen i ordninga, og dermed gjere faren mindre for at statsgarantien løysast ut dersom økonomien i ordninga skulle svikte.

Departementet foreslår at avviklinga av grunnfondet lovteknisk gjerast ved at sjømannspensjonslova § 14 nr. 1 blir oppheva.

## **2.6 Ikraftsetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar**

Departementet gjer framlegg om at lovendringane setjast i kraft når Kongen bestemmer.

Avviklinga av grunnfondet og overføringa til reguleringsfondet skjer innanfor den same økonomiske ramma. Forslaget vil derfor ikkje ha nemenverdige økonomiske eller administrative konsekvensar.

## **3 Endringar i trygderettslova**

### **3.1 Lovfesting av høve til å innhente politiattest ved tilsettingar i Trygderetten**

#### *3.1.1 Innleiing og bakgrunn*

Trygderettslova § 3 gir føresegner om Trygderettens leiar og dei andre rettsmedlemmene. Trygderettens leiar, nestleiren, juridisk kyndige rettsmedlemmer og rettsfullmektige må ha juridisk embeteksamen eller master i rettsvitenskap. I tillegg er det krav til minste alder, 30 år for leiar og nestleiar, 25 år for juridisk kyndige rettsmedlemmer og 21 år for rettsfullmektige. Desse vilkåra

går fram av § 3 femte leddet gjennom ei tilvising til domstollova § 54.

Det blir vidare stilt krav om at rettsmedlemmene er norske statsborgarar, vederheftige og ikkje er frådømde røysteretten. Desse krava gjeld òg medisinsk kyndige rettsmedlemmer og attføringskyndige rettsmedlemmer. Dette går fram av trygderettslova § 3 sjuande leddet som viser til domstollova § 53.

Etter trygderettslova § 3 åttande leddet skal rettsmedlemmene utøve si verksemnd på ein måte som inngir tillit og respekt. Dette kravet må òg gjelde for rettsfullmektigar. Føresegna kom inn i lova ved lov 18. desember 2015 nr. 105, som tredde i kraft 1. april 2016. Domstollova § 55 tredje leddet er modell for utforminga av føresegna.

I tillegg til dei formelle krava som er nemnde, ligg det eit ulovfesta krav til tilfredsstillande vandel i vurderinga av om søkeren er skikka før han eller ho blir tilsett i Trygderetten. Kravet er hovudsaklig grunna i reelle omsyn og behovet for ålementas tillit til Trygderetten.

Det er på denne bakgrunnen eit behov for at Trygderetten skal kunne krevje dokumentasjon for tilfredsstillande vandel og til å ha høve til å kontrollere om vilkåret i § 3 femte ledd om at søkeren ikkje er frådømd røysteretten.

#### *3.1.2 Departementet si vurdering og forslag*

Domstollova § 55 fjerde ledd gir tilsettingsmyndigheita ved domstolane heimel til å krevje framlegging av uttømmande politiattest i samband med utnemning av faste og midlertidige dommarar og ved tilsetting av dommarfullmektigar. Etter departementet si vurdering bør Trygderetten ha tilsvarande høve til å krevje at den same dokumentasjonen blir lagd fram.

Departementet foreslår derfor at det blir tatt inn ei tilvising til domstollova § 55 fjerde leddet i trygderettslova § 3 sjuande leddet.

Departementet viser til lovforslaget, trygderettslova § 3 sjuande leddet.

### **3.2 Lovfesting av departementet sitt høve til å overta utøvinga av staten si partsstilling i søksmål om Trygderetten sine orskurdar – trygderettslova § 26**

#### *3.2.1 Innleiing*

Partane kan ved søksmål bringe Trygderetten sine orskurdar inn for lagmannsretten. Når det blir reist søksmål for offentleg myndigkeit, skal søksmålet reisast mot det organet som var ankemotparten i

saken som Trygderetten handsama. Dette går fram av trygderettslova § 26, og inneber at det er mellom anna er Arbeids- og velferdsdirektoratet, Statens pensjonskasse og Nasjonalt klageorgan for helsestenesta som utøver staten si partsstilling.

Departementet foreslår at det blir presisert i trygderettslova at departementet, det vil seie Arbeids- og sosialdepartementet, Barne- og likestillingsdepartementet eller Helse- og omsorgsdepartementet, skal kunne overta utøvinga av staten si partsstilling i ei einskild sak. Det vil i praksis berre vere aktuelt for departementet å gå inn i saker som er prinsipielt viktige eller av stor økonomisk tyding. Forslaget har ikkje vore på alminneleg høyring da endringa er ei lovfestig av gjeldande rett og dessutan av organisatorisk karakter.

### 3.2.2 Gjeldande rett. Bakgrunn

#### 3.2.2.1 Generelt om partsevne ved søksmål

Det er eit grunnleggjande vilkår for å kunne gå til søksmål at søksmålet blir retta mot rette vedkommande som saksøkt. Dette inneber mellom anna at den saksøkte må ha partsevne. Omgrepene partsevne siktas til om vedkommande person, innretning, samanslutning mv. som såleis kan vere part i ein prosess som saksøkjar eller saksøkt.

Etter dei alminnelege prosessreglane er ikkje den einskilde myndigkeit, som direktorat mv., tildeilt sjølvstendig partsevne. Det følgjer likevel av twistelova § 2-1 første leddet bokstav b at staten har partsevne. Om det ikkje finst særskilt heimel for noko anna, blir søksmål mot staten vanlegvis reist mot staten ved det departementet som verksemda sorterer under. Staten er part, medan departementet ved statsråden er fungerande, sjå twistelova § 2-5. Departementet skal på statens vegne ta imot prosessdokument, stemning og dom, engasjere prosessfullmektig og avgjere spørsmålet om eventuell anke. Departementa har normalt latt seg representere av regjeringsadvokatembetet som prosessfullmektig.

Etter twistelova § 2-5 andre leddet kan den fungerande delegere høvet til å oppstre som fungerande til ein annan person som er tilsett i rettssubjektet, eller knytt til den delen av verksemda som søksmålet gjeld. Departementet kan dermed delegere høvet til å oppstre på vegne av staten til det aktuelle forvaltningsorganet. Har departementet delegert kompetansen til å oppstre på vegne av staten i søksmål til det underordna organet, kan departementet i tråd med vanleg delegasjonslære tilbakekalle ein generell delegasjon eller overta utøvinga av partsstillinga i den einskilde saka.

#### 3.2.2.2 Særregulering av staten si partsstilling

For einskilde saker er utøvinga av staten si partsstilling lagd direkte til departementa sine underordna organ ved lov.

I søksmål om prøving av Trygderettens orskurdar (trygderettslova § 26), skal søksmålet reisast mot det organet som var ankemotparten i saken som Trygderetten handsama. Om Arbeids- og velferdsetaten var ankemotpart, blir søksmålet handsama av Arbeids- og velferdsdirektoratet og om Statens pensjonskasse var ankemotpart, utøvar Pensjonskassa partsevna osv.

I saker som faller utanfor Trygderettens saklege myndigkeit, til dømes avgjerder i saker om underhaldbidrag etter barnelova, eller eit søksmål om erstatning etter arbeidsgjevaransvaret eller etter kontrakt, følgjer det av arbeids- og velferdsforvaltningslova § 9 første leddet at Arbeids- og velferdsdirektoratet utøver staten si partsstilling. Etter sistnemnde føresegns kan departementet i ei einskild sak overta utøvinga av partsstillinga.

Føresegna i arbeids- og velferdsforvaltningslova er ei vidareføring av tilsvarande føresegns som tidlegare gikk fram av folketrygdlova § 20-2 fjerde leddet om Rikstrygdeverket si myndigkeit til å oppstre på vegne av staten i søksmål på trygdeetaten område. Føresegna kom inn i lova i 1998 med sikt på å gjere det klart at Rikstrygdeverket kan oppstre på statens vegne i sivile søksmål som gjeld trygdeetaten. Etter at Rikstrygdeverket sitt styre blei avvikla frå 1. mai 1997, blei det lagt til grunn at dette hadde som indirekte konsekvens at Rikstrygdeverket mista den evna det hittil hadde hatt til å oppstre i søksmål i eigenskap av ein «offentlig innretning» som hadde eigen partsevne etter dagjeldande tvistemålslov. Forslaget tok såleis sikt på å opprette den tidlegare rettstilstanden for saker som ikkje blei regulert av trygderettslova. Utan lovregulering ville departementet måtte overta partsutøvinga på vegne av staten, sidan dagjeldande tvistemålslov ikkje opna for delegasjon av myndigheta. Sjå Ot.prp. nr. 24 (1997–98) punkt 5.

Om departementet sitt høve til å overta utøvinga av partsstillinga i einskilde saker blei det i nemnde proposisjon uttalt:

«I samråd med Barne- og familieldepartementet foreslår Sosial- og helsedepartementet på denne bakgrunn at Rikstrygdeverket gis myndighet etter loven til generelt å utøve statens partsstilling i søksmål som gjelder trygdeetaten. En slik ordning vil imidlertid ikke være til hinder for at departementene gir instruks om

partsutøvelsen i den enkelte sak, f eks. hva angår bruk av rettsmidler. Vedkommende departement kan også bestemme at søksmål bare skal reises av departementet eller først etter at saken er forelagt departementet.»

Trygderettslova § 26 har ingen klar føresegns om at departementet kan overta partsutøvinga i einskilde saker. Føresegna i arbeids- og velferdsforvaltningslova § 9 er generell og vil etter si ordlyd også dekke saker som er omfatta av Trygderettens saksområde og som sorterer under Arbeids- og velferdssetaten, jf. formuleringa «søksmål der gjenstanden for tvisten skriver seg fra vedtak etter de lovene som forvaltes av Arbeids- og velferdsetaten». Saker som hører under Statens pensjonskasse eller anna organ som var ankemotpart i saka for Trygderetten, faller derimot utanfor arbeids- og velferdsforvaltningslova sitt verkeområde.

Det er sikker rett at departementet har instruksjonsmyndighet i einskilde saker overfor underliggende organ som Arbeids- og velferdsdirektoratet og Statens pensjonskasse til trass for at desse organ ved lov er tillagd vedtaksmyndighet. Det same må gjelde myndigheten til å instruere underliggende organ om partsutøving, jf. føresetnaden i det refererte frå Ot.prp. nr. 24 (2007–2008). I forlenginga av dette ville departementet også utan lovheimel kunne overta den myndigheten det gjeld, sjå Eckhoff/Smith Forvalningsrett 5. utg. 1994 side 573 der det heiter:

«... det kan kanskje stilles opp som alminnelig regel at når det foreligger myndighet til å instruere om hva individuelle avgjørelser skal gå ut på, kan det overordnede organ også selv treffe slike avgjørelser.»

Etableringa av føresegnsene om utøving av staten si partsstilling i dågjeldande folketrygdlova § 20-2 fjerde ledet kom mellom anna i stand under tilvissing til at det «heftet uklarheter ved adgangen til delegasjon». Da den nye tvistelova opnar for å kunne delegere høvet til å opptre på vegne av staten til det aktuelle forvaltningsorganet, kan ei lovregulering av departementet si myndighet til å overta partsutøvinga i einskilde saker såleis vere eit alternativ til å kalle tilbake delegasjonen frå det underordna organet.

I Ot.prp. nr. 51 (2004–2005) om ny tvistelov er det heller ingen haldepunkt for at det blir kravd ein positiv lovforesegns for at departementet skal kunne overta utøvinga av partsstillinga frå eit underliggende organ som er tillagd kompetansen ved (sær)lov. At problemstillinga ikkje er omtalt i

proposisjonen, kan ha samanheng med at det blei lagt til grunn at eigne føresegner i særlov om utøving av partsstillinga særleg er aktuelt på område der vedkommende organ ikkje er underlagd vanleg instruksjonsmyndighet frå overordna organ. Det blir i slike tilfelle ikkje aktuelt for departementet å overta partsutøvinga.

Det må leggjast til grunn at dei nemnde forvaltningsrettslige prinsipp gir departementet høve til å overta partsutøvinga sjølv om myndigheten til å utøve staten si partsstilling er tillagd eit underordna organ ved lov.

### 3.2.3 Departementet si vurdering og forslag

Som nemnd i pkt. 3.2.2 legg departementet til grunn at departementet si organisasjons- og instruksjonsmyndighet i kombinasjon med alminneleg delegasjonslære gir departementet høve til å overta partsutøvinga også i dei tilfelle der myndigheten til å utøve staten si partsstilling er tillagd det underordna organet ved lov, til dømes etter trygderettslova § 26.

Når høvet for departementet til å overta utøvinga av partsstillinga er lovfesta i arbeids- og velferdsforvaltningslova, gir dette eit fragmentarisk rettskjeldebilete. Departementet foreslår derfor at det blir presisert i trygderettslova § 26 at departementet kan overta utøvinga av partsstillinga i einskilde saker. Myndigheten vil ligge til Arbeids- og sosialdepartementet eller Barne- og likestillingsdepartementet på respektive område i saker der Arbeids- og velferdsdirektoratet i utgangspunktet var rett saksøkt eller saksøkjar, og Arbeids- og sosialdepartementet i saker frå Statens Pensjonskasse og Pensjonstrygden for sjømenn. I saker som sorterer under Nasjonalt klageorgan for helsetenesta, vil myndigheten ligge til Helse- og omsorgsdepartementet. I praksis er det berre aktuelt for vedkommende departementet å gå inn i saker som er prinsipielt viktige eller av stor økonomisk tyding.

Departementet viser til lovforslaget, trygderettslova § 26 nytt femte ledd.

### 3.3 Opprettning av ein inkurie i trygde-rettslova § 26

Trygderettslova § 23 andre og tredje ledd hadde fram til 1. april 2016 følgjande ordlyd:

«Søksmål kan av partene bringes inn uten folksamling for lagmannsretten i det lagdomme hvor den ankende part for Trygderetten har sitt alminnelige verneting.

For såvidt søksmålet reises mot offentlig myndighet skal det reises mot det forvaltningsorgan som var ankemotpart ved sakens behandling for Trygderetten. Dersom et organ underlagt Arbeids- og velferdsdirektoratet var ankemotpart, skal søksmålet rettes mot Arbeids- og velferdsdirektoratet. Direktoratet skal også anses som part i relasjon til bestemmelsen i annet ledd.»

Føresegna inneber at Arbeids- og velferdsdirektoratet utøvar staten si partsstilling som saksøkjar og saksøkt i søksmål om Trygderetten sine orskurdar. Sjå nærmare omtale i punkt 3.2. Direktoratet sin kompetanse til å opptre som *saksøkjar* følgde av tredje ledet siste punktumet som lød: «Direktoratet skal også anses som part i relasjon til bestemmelsen i annet ledd.»

Føresegna om søksmål blei ved ei lovendring som blei sett i verk 1. april 2016, ført vidare i ny § 26 «utan realitetsendringar», sjå Prop. 139 L (2014–2015) side 109.

Den nemnde føresegna om kven som kan oppstre som saksøkjar i saker der Arbeids- og velferdssetaten var ankemotpart i saka for Trygderetten, blei utelatt ved ei inkurie. Trygderettslova § 26 første ledd gir nå inntrykk av at det er «Arbeids- og velferdsetaten» som kan anleggje søksmål. Det har ikkje vore tilskikta. Departementet foreslår derfor at den tidlegare regelen blir tatt inn i trygderettslova § 26 fjerde ledet som nytt tredje punktum.

Departementet viser til lovforslaget, trygderettslova § 26 fjerde ledet.

### **3.4 Lovfesting av retten til å sende elektronisk melding om orskurdar og vedtak**

#### *3.4.1 Innleiing og bakgrunn*

Etter trygderettslova § 31 første ledet skal melding til den ankande parten om orskurdar og visse vedtak i Trygderetten bli gitt ved rekommandert brev.

Før endringa av trygderettslova frå 1. april 2016, var det i dagjeldande § 27 krav om rekommandert sending av orskurdar, men også for meldingar om fristar og innkallingar mv. Kravet gjaldt meldingar til den ankande part og ankemotparten.

Kravet om rekommandert brev blei berre opprettholdt for melding om orskurdar i ny § 31 i lova, og det blei avgrensa til å gjelde den ankande parten, sjå Prop. 139 L (2014–2015) pkt. 15.5. Kravet om rekommandert sending av hevingsvedtak blei

samstundes lovfesta i samsvar med Trygderetten sin praksis.

Kravet om at ankemotparten, under førebuinga av saka, skal sende oversendingsbrevet til den ankande parten rekommandert blei ført vidare. Kravet om rekommandert sending gjeld ikkje lenger for ankemotparten sitt ekspedisjonsbrev til Trygderetten. Desse reglane går fram av trygderettslova § 13 femte ledet.

#### *3.4.2 Departementet si vurdering og forslag*

Trygderetten vil nå legge til rette for ei overgang til elektronisk sakshandsaming og elektronisk sending av saksdokument, brev og avgjerder.

Trygderettslova set ikkje formelle skrankar for korleis utveksling av dokument og korrespondanse med ankemotpartane skal skje. Det same gjeld andre meldingar til ankande partar enn orskurdar og vedtak som trygderettslova § 31 første ledet omhandlar.

Elektronisk sending til ankande parter av orskurdar og vedtak som nemnd, vil forde ein særskild lovheimel.

I forarbeida til endringslova, Prop. 139 L (2014–2015) vurderte ein overgang til elektronisk post i samband med innsending av anke, jf. punkt 10.5.3. Under drøftinga er det vist til føresegner i domstollova § 146 og forvaltningslova § 30. Etter ny § 10 første ledet bokstav b i trygderettslova er det tilstrekkeleg for rettidig anke at ankeerklæringa er kommen fram til den elektroniske adressa som i det påanka vedtaket er oppgitt for mottak av elektronisk anke. Anken skal setjast fram for den institusjonen som har fatta vedtaket, ikkje for Trygderetten.

Elektronisk kommunikasjon direkte frå eller til Trygderetten er ikkje direkte omhandla i proposisjonen. Tilsvarande omsyn som nemnd under punkt 10.5.3 vil likevel gjere seg gjeldande, mellom anna at det må vere etablert eit offisielt og sikert system for slik elektronisk kommunikasjon.

Eit viktig omsyn bak vilkåret om rekommandert sending er sikkerheit og at ein kan dokumentere tidspunktet meldinga kjem fram, slik at ein kan beregne fristar for søksmål mv. Desse omsyna må også ivaretakast ved ei elektronisk løysing.

Det er i dag ikkje på plass eit ferdig system for elektronisk sending mellom Trygderetten og ankemotpartane. Det blir no jobba med å etablere eit slikt system. Elektronisk sending kan i denne samanhengen og vere ei portalløysing. Etter departementet si vurdering er det viktig å sikre at det leggjast til rette for dette også i lova.

Departementet viser til lovforslaget, trygde-  
rettslova § 31.

### **3.5 Iverksetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar**

Departementet foreslår at endringane i §§ 3 og 31, jf. punkt 9.5.1 og 9.5.4 trer i kraft frå 1. januar 2018. Forsлага om endring i § 26 i punkt 9.5.2 og 9.5.3 gjeld respektive ei presisering av det som er gjeldande rett og opprettning av ein inkurie. Departementet foreslår derfor at desse to endringa trer i kraft straks.

Forsлага har ingen nemneverdige økonomiske eller administrative konsekvensar.

## **4 Endringar i forskotteringslova**

### **4.1 Innleiing og bakgrunn**

Barn under 18 år som er busett i Noreg som ikkje bur saman med begge foreldra, har rett til forskott på underhaldbidrag etter lov 17. februar 1989 nr. 2 om bidragsforskott (forskotteringslova). Dette sikrar eit minstebidrag til forsørginga av barnet når bidraget frå den bidragspliktige er forseinka eller ikkje blir betalt. Forskottet blir prøvd ut frå mottakaren si inntekt, talet på barn i husstanden og om vedkommande er einsleg eller ikkje. Forskott utbetales i tre satsar, høgna forskott, ordinært forskott eller redusert forskott. Høgna forskott utgjør 1 570 kroner for barn under 11 år og 1 960 kroner for barn over 11 år, ordinært forskott utgjer 1 180 kroner og redusert forskott 790 kroner per barn per månad.

Staten krev refusjon i innbetalt bidrag, og derfor må bidrag fastsettast eller avtalast for at forskott skal bli ytt. Partane kan avtale eit bidrag og Arbeids- og velferdsetaten kan ta saka opp på eige tiltak dersom det fastsette/avtalte bidraget er lågare enn bidragsforskottet. Før bidragsforskott blir utbetaalt, skjer ein automatisk kontroll av om bidrag er innbetalt frå bidragspliktige og med kva for eit beløp. Forskott blir berre utbetaalt i den utstrekninga forskottet overstig det innbetalte bidrag.

Regjeringa ønsker å spisse ordninga i enda større grad mot dei forsørgjarane som har dei lågaste inntektene, og foreslår derfor å avvikle det reduserte forskottet frå 1. januar 2018. Dette inneber at einslege mottakarar med eitt barn og med ei inntekt over 408 200 kroner, ikkje skal ha rett til bidragsforskott. Netto utgiftsreduksjon av tiltaket utgjer om lag 50 mill. kroner i 2018.

### **4.2 Departementet si vurdering og forslag**

Det er foreldra som har ansvaret for å forsørgje barna sine. Staten har teke på seg eit ansvar for å forskottere manglande eller forseinka underhaldbidrag når bidragsmottakaren har ei inntekt under eit visst nivå.

Redusert forskott gis i dag til personar med inntekt mellom 335 901 kroner og 502 400 avhengig av om vedkommande har sambuar eller fleire barn. Retten til forskott fell bort ved inntekt over 502 400 kr.

Forskotteringsordninga har ein sosialrettsleg profil for å ivareta barn som veks opp i familiar med svak økonomi. Avviklinga av den lågaste forskottssatsen gjer det i endå større grad tydeleg at bidragsforskott frå staten er øyremerkjå einslege forsørgjarar med dei aller lågaste inntektene.

Dersom redusert forskottssats fell bort, blir ny inntektsgrense for fullstendig bortfall av forskott lik gjeldande sats for bortfall av ordinært forskott. Grensa vil variere med talet på barn mottakaren har forsørgjaransvar for og om ein er einsleg eller gift/sambuande.

Nye grenser for bortfall av retten til bidragsforskott for einslege vil variere mellom 408 201 kroner for eitt barn og 502 401 kroner for tre barn eller fleire). Inntektsgrensa for gifte/sambuande vil variere mellom 335 901 kroner for eitt barn og 502 401 kroner for fire eller fleire barn.

Dei som i størst grad blir råka av forslaget, er mottakarane i dei sakene kor den bidragspliktige har lita eller ingen bidragsevne og som derfor får utbetal stønad kvar månad. I tillegg vil forslaget råke forskottsmottakarar i saker kor bidragspliktige, til tross for betalingsevne, ikkje betaler det fastsette bidraget frivillig, og kor dei lovfesta tvangsmidla ikkje har nokon effekt. Dette kan variere frå månad til månad.

Departementet foreslår å avvikle redusert forskottssats frå 1. januar 2018, og at forskotteringslova § 5 første ledd blir justert i tråd med dette. Det vises til lovforslaget.

Departementet vil samtidig gjere nødvendige endringar i forskrift 6. februar 2003 nr. 125 om gjennomføringa av reglane om inntektsprøving av forskott.

### **4.3 Ikraftsetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar**

Departementet foreslår at lovendringa trer i kraft frå 1. januar 2018, med verknad både for nye og løpende saker.

Arbeids- og velferdsdirektoratet har berekna forventa innsparing på kap. 2620.76 og forventa mindreinntekt på kap. 5701.73 i 2018, med innføring frå 1. januar 2018.

Forslaget gjev ei innsparing på rundt 75 mill. kroner i heilårseffekt, men fører til ein korresponderande inntektsreduksjon av refusjonar frå dei bidragspliktige på om lag 25 mill. kroner, og netto utgiftsreduksjon utgjer om lag 50 mill. kroner i 2018. Dei økonomiske konsekvensane er innarbeidde i Prop. 1 S (2017–2018) for Arbeids- og sosialdepartementet.

Arbeids- og velferdsdirektoratet har opplyst at forslaget inneber einskilde mindre administrative konsekvensar, mellom anna for å oppdatere informasjonsskriv og endringar i systema.

## 5 Endringar i folketrygdlova

### 5.1 Endringar i oppteningsperioden for rett til dagpengar under arbeidsløyse – folketrygdlova §§ 4-4, 4-11 og 4-15

#### 5.1.1 Innleiing og bakgrunn

Departementet foreslår å endre reglane som gjer det mogleg å tene opp rett til dagpengar på grunnlag av inntekt som ligg lengre tilbake enn det sist avslutta kalenderåret, jf. folketrygdlova § 4-4. Samstundes foreslår departementet at sjukepengar etter folketrygdlova kapittel 8 og pleiepengar m.m. etter folketrygdlova kapittel 9 skal telje med i den inntekta som gir rett til dagpengar. Oppteningsperioden for den inntekta som ligg til grunn for berekninga av dagpengane, jf. folketrygdlova § 4-11, blir endra tilsvarende.

For å få rett til dagpengar må søkeren ha hatt ei brutto arbeidsinntekt det sist avslutta kalenderåret før søknadstidspunktet på minst 1,5 gonger grunnbeløpet i folketrygda (G), eller minst 3G dei siste tre avslutta kalenderåra, jf. folketrygdlova § 4-4. Saman med inntekt som arbeidstakar (løn), blir foredrepengar, svangerskapspengar og svangerskapsrelaterte sjukepengar rekna som arbeidsinntekt, men ikkje sjukepengar elles, sjå folketrygdlova § 4-4 andre leddet.

Dagpengane blir berekna på grunnlag av den inntekta stønadsmottakaren har hatt det sist avslutta kalenderåret, eller på grunnlag av den gjennomsnittlege inntekta dei siste tre avslutta kalenderåra, dersom dette gir eit betre grunnlag, jf. folketrygdlova § 4-11. I berekningsgrunnlaget inngår i tillegg til arbeidsinntekta, dei følgjande ytingane etter folketrygdlova: dagpengar etter kapittel 4, sjukepengar etter kapittel 8, omsorgs-

pengar, pleiepengar og opplæringspengar etter kapittel 9, og svangerskapspengar og foreldrepengar etter kapittel 14. Det er eit vilkår at søkeren har tent opp retten til desse ytingane som arbeids-takar.

Dagpengane skal gi ei mellombels inntektssikring ved inntektsbortfall som følgje av arbeidsløyse. Dagpengeordninga er innretta slik at dei som har den sterkeste tilknytinga til arbeidslivet, har best rettigheter. Dette kjem til uttrykk gjennom kravet om minsteinntekt, jf. ovanfor, og ved at storleiken på dagpengane blir rekna ut ifrå den tidlegare inntekta. Vidare er stønadspérioden kortare for dei som har hatt den lågaste inntekta. Stønadsmottakarar som har hatt ei inntekt på minst 2G det sist avslutta kalenderåret eller i gjennomsnitt 2G dei siste tre avslutta kalenderåra, får ein stønadspériode på 104 veker, mens stønadspérioden er på 52 veker for dei som har hatt ei inntekt under 2G, sjå folketrygdlova § 4-15.

#### 5.1.2 Departementet si vurdering og forslag

Som det går fram i avsnittet over, er dagpengeordninga innretta slik at dei som har ei sterkt og aktuell tilknyting til arbeidslivet like før arbeidsløysa, også er best sikra. Dette tilseier at ordninga ikkje nødvendigvis bør erstatte små eller ustabile inntekter, og i endå mindre grad dei inntektene som ligg langt tilbake i tid.

Arbeids- og sosialdepartementet vurderer det slik at ein kortare oppeningsperiode for minsteinntektskravet vil bidra til at dagpengeordninga i større grad blir retta inn mot dei som har hatt ein fast og aktuell tilknyting til arbeidslivet. Ei kortare oppeningstid vil t.d. hindre nokon i å få dagpengar på grunnlag av inntekter frå arbeidsforhold dei frivillig har vald å trappe ned frå eller har avslutta lenge før dei søker dagpengar. Vidare kan ei kort oppeningstid bidra til at færre frå EØS-området får rett til norske dagpengar på grunnlag av arbeidsforhold som ligg relativt langt tilbake i tid, etter kortvarig arbeid i Noreg. Ved å rette dagpengeordninga mot personer med ei nært tilknyting til arbeidslivet, vil ordninga betre insentiva til kontinuerleg yrkesdeltaking.

På bakgrunn av dette foreslår departementet at arbeidsinntekt som ligg lengre tilbake i tid enn det sist avslutta kalenderåret før søknadstidspunktet, ikkje lengre skal kunne gi oppening til rett til dagpengar.

Ein del dagpengesøkjarar har hatt lengre fråvær frå arbeidslivet, slik at dei ikkje har hatt nokon arbeidsinntekt det sist avslutta kalenderåret før søknadstidspunktet. Fråvær som skuldast sjukdom

bør ikkje føre til at retten til dagpengar fell bort. Derfor foreslår departementet at sjukepengar etter folketrygdlova kap. 8 og omsorgspengar, pleiepengar og opplæringspengar etter folketrygdlova kap. 9, skal inngå i minsteinntekta etter folketrygdlova § 4-4. Eit utvida inntektsgrunnlag sikrar fortsatt rett til dagpengar for dei med fråvær som er knytt til eigen sjukdom og sjukdom hos eigne barn eller andre familiemedlem. Dagpengane har som formål å kompensere for inntektsbortfall for dei som har mista inntekta si som følgje av arbeidsløyse. Derfor bør det komme klart fram at det er eit krav at dei trygdeytingane som kan gi rett til dagpengar, må vere tent opp som arbeidstakar. Sjukepengar som ein har fått som sjølvstendig næringsdrivande, bør t.d. ikkje gi rett til dagpengar, sidan heller ikkje inntekt frå sjølvstendig næringsverksemid er omfatta av «arbeidsinntekt» etter folketrygdlova § 4-4.

Det er naturleg å oppretthalde samanhengen mellom den perioden som ligg til grunn ved vurderinga av minsteinntektskravet og for berekningsgrunnlaget. Departementet foreslår derfor at grunnlaget for dagpengane, jf. § 4-11, på same måte som når det gjeld minsteinntektskravet, blir avgrensa til inntekta frå det sist avslutta kalenderåret før søknadstidspunktet.

Som følgje av at det ikkje lenger blir høve til å leggje til grunn inntekta frå tidlegare år enn det sist avslutta kalenderåret etter folketrygdlova §§ 4-4 og 4-11, foreslår departementet at også folketrygdlova § 4-15 blir endra, slik at berre inntekt på 2G eller meir det *sist avslutta kalenderåret* gir ein dagpengeperiode på 104 veker. Dette sikrar ein god samanheng i regelverket.

Departementet viser til det vedlagte lovforslaget, folketrygdlova §§ 4-4, 4-11 og 4-15.

#### 5.1.3 Ikraftsetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar

Departementet foreslår at endringane trer i kraft 1. januar 2018, men at dei ikkje får verknad for dei som har søkt dagpengar og fyller vilkåra før ikraftsetjinga. For stønadsmottakarar som søker om å få dagpengane berekna på nytt i samband med at dei tek opp att stønadsperioden etter reglane i folketrygdlova § 4-16 første ledet andre punktum, foreslår departementet at endringane først gjerast gjeldande frå eit seinare tidspunkt. Departementet foreslår å gi eigne føresegner med overgangsreglar om dette.

Når oppteningsperioden for minsteinntekt for dagpengar blir endra, vil færre få rett til dagpengar. Endringa vil gjelde for nye tilfelle og den berekna effekten fordeler seg over tre år. For 2018 gir end-

ringa ein venta reduksjon i gjennomsnittsbehaldninga av dagpengemottakarar på om lag 1 300. Vidare kan ein leggje til grunn at endringa vil gi ein ytterlegare reduksjon i gjennomsnittsbehaldninga av dagpengemottakarar på om lag 900 i 2019 og ein ytterlegare reduksjon på om lag 300 i 2020. Endringane i oppteningsperioden vil vidare gi lågare dagpengeutbetalingar til delar av dagpengemottakarane. Forslaget om at det berre er ei inntekt på minst 2G det sist avslutta kalenderåret som kan gi rett til ein lang dagpengeperiode (104 veker), fører dessutan til at færre vil få innvilga ein lang dagpengeperiode. Eit usikkert anslag er ein samla reduksjon i gjennomsnittsbehaldninga av dagpengemottakarar med lang periode på om lag 540. Endringa vil først få ein effekt frå 2019.

Kor lenge ein får dagpengar varierer frå person til person. Det inneber at talet på personar som blir råka av endringane vil vere høgare enn den gjennomsnittsbehaldninga som er lagt til grunn for berekninga av løvinga i 2018. Eit anslag tilseier at om lag 3 500 personar ikkje vil fylle kravet til minsteinntekt i 2018 som følgje av endringa. Basert på tal frå 2016 svarar dette til om lag 4,5 prosent av det totale talet på dagpengemottakarar.

Dei økonomiske konsekvensane er innarbeidde i Prop. 1 S (2017–2018) for Arbeids- og sosialdepartementet, og det er lagt til grunn at endringane inneber at dagpengeutbetalingane i 2018 blir reduserte med om lag 305 mill. kroner.

Endringane vil ikkje ha nemneverdige administrative konsekvensar.

## 5.2 Rett til grunnstønad til hald av servicehund – folketrygdlova § 6-3

### 5.2.1 Innleiing og bakgrunn

Grunnstønad skal gi økonomisk kompensasjon til medlemmer for visse ekstra utgifter på grunn av varig sjukdom, skade eller lyte. Personar som har fått førarhund frå folketrygda, jf. folketrygdlova § 10-7 første ledd bokstav d, har rett til grunnstønad til hald av hunden. Utgifter til naudsynt hald av førarhundar overstig normalt eit beløp som svarar til sats 3. Det blir derfor gitt grunnstønad etter sats 3.

Departementet foreslår i budsjettforslaget for 2018 å etablere ei permanent ordning for servicehundar. Ordninga vil bli regulert i eiga forskrift. Departementet foreslår å gi rett til grunnstønad frå folketrygda til hald av servicehund som blir tildekt frå Arbeids- og velferdsetaten etter forskrift om stønad til servicehundar for personar med nedsett funksjonsevne.

### 5.2.2 Departementet si vurdering og forslag

Departementet foreslår at det blir etablert ei permanent ordning for servicehundar frå 1. januar 2018. Ordninga skal bidra til at personar med nedsett fysisk funksjonsevne får hjelp til praktiske gjøremål. Servicehunden skal gjere brukaren meir sjølvhjulpen og bidra til å redusere behovet for andre hjelphemiddel og kommunale pleie- og omsorgstenester. Ordninga vil bli regulert i ei eiga forskrift om stønad til servicehund til personar med nedsett funksjonsevne, og ho vil bli administrert av Arbeids- og velferdsetaten. Den nye ordninga er nærmare omtalt i Prop. 1 S (2017–2018) for Arbeids- og sosialdepartementet.

Departementet foreslår at personar som får stønad til servicehund etter den nye ordninga skal få grunnstønad til hald av servicehund på same måten som for førarhundar.

Departementet viser til lovforslaget, folketrygdlova § 6-3.

### 5.2.3 Ikraftsetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar

Departementet foreslår at endringa trer i kraft frå 1. januar 2018. Forslaget er rekna å gi ei meirutgift på i overkant av 160 000 kroner. Dei økonomisk konsekvensane er innarbeidde i Prop. 1 S (2017–2018) for Arbeids- og sosialdepartementet. Endringa vil ikkje ha nemneverdige administrative konsekvensar.

## 5.3 Oppretting i føresegna om rett til uføretrygd når kravet blir sett fram etter fylte 62 år – folketrygdlova § 12-4

### 5.3.1 Gjeldande rett og bakgrunn

Det er eit vilkår for rett til uføretrygd at personen er mellom 18 og 67 år, sjå folketrygdlova § 12-4 første leddet.

Det er ikkje eit vilkår at vedkomande har hatt tidligare inntekt. Dersom kravet om uføretrygd blir sett fram etter fylte 62 år, er det likevel eit vilkår at personen som set fram kravet har hatt pensjonsgjevande inntekt på minst ein gonger grunnbeløpet året før uføretidspunktet, eller minst tre gonger grunnbeløpet dei siste tre åra før uføretidspunktet. Dette vilkåret gjeld ikkje dersom vedkomande ikkje mottek eller har rett til pensjonsytingar etter folketrygdlova kapittel 17, 19 eller 20. Dette følgjer av føresegna andre og tredje ledd, som blei tekne inn i samband med arbeidet med tilpassingar til pensjonsreforma. I

Prop. 18 L (2010–2011) Endringer i lov om pensjonstrygd for sjømenn, lov om pensjonstrygd for fiskere og i enkelte andre lover (tilpasninger til endret alderspensjon i folketrygden) blir det vist til at å utsetje uttaket av ny alderspensjon i kombinasjon med uførepensjon frå folketrygda, vil vere gunstig for den einskilde fordi det fører til at alderspensjonen blir fordelt over færre år og at den samla pensjonsformuen dermed aukar. Dette ville kunne auke risikoen for uønskte tilpassingar til reforma.

### 5.3.2 Departementet si vurdering og forslag

Det følgjer av ordlyden i folketrygdlova § 12-4 andre ledd at tilleggsvislkåret gjeld «medlemmet», medan det i første ledd er nytta «person». Dei ulike nemningane kan gi inntrykk av at tilleggsvislkåret om føregåande inntekt, når krav om uføretrygd blir sett fram etter fylte 62 år, berre gjeld personar som er medlem i folketrygda. Ved innføringa av dei nye føreseggnene i andre og tredje ledd var det ikkje intensjonen å avgrensa det strengare vislkåret for rett til uføretrygd, til berre å gjelde medlemmer. Ei slik avgrensing ville i så fall tydd at personar som ikkje er medlemmer, til dømes fordi dei er busette utanfor Noreg, lettare ville fylt vislkåra for uføretrygd enn dei som er busette i Noreg. Departementet foreslår derfor at omgrepet «medlemmet» blir erstatta med «person».

Departementet viser til lovforslaget, folketrygdlova § 12-4 andre og tredje ledet.

### 5.3.3 Ikraftsetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar

Departementet foreslår at endringa trer i kraft straks. Endringa vil ikkje ha økonomiske eller administrative konsekvensar.

## 5.4 Avrekning av feilutbetalinger som skuldast for høg inntekt i uføretrygd – folketrygdlova § 22-16

### 5.4.1 Innleiing og bakgrunn

Ei rekke ytingar frå folketrygda blir samhøvande redusert dersom mottakaren har ein høgare inntekt enn det som blei lagt til grunn ved innvilginga. Dette gjeld mellom anna uføretrygd. Vidare er tillegga til fleire av ytinga behovsprøvd, som til dømes barnetillegg og ektefelletillegg.

Dersom ei behovsprøvd yting har blitt utbetalt med for høgt beløp fordi mottakaren har hatt ei

inntekt som er høgare enn føresett, kan det som er utbetalt for mykje gå til frådrag i framtidig utbetaling av ytingar. Folketrygdlova § 22-16 gir reglar om avrekning av feilutbetalingar som skuldast for høg inntekt. I andre leddet er det ei uttømmande oppramsing av kva for ytingar avrekningsordninga gjeld. Dette er ektefelletillegg og barnetillegg som kan reduserast etter folketrygdlova § 3-26, etterlatnepensjon og overgangsstønad etter folketrygdlova kapitla 15, 16 og 17, og uføretrygd som blir redusert etter § 12-14. Andre leddet gir også føringar for kva for ytingar det kan avrekna mot. Føremålet med reglane er å gi Arbeids- og velferdsetaten høve til å nytte ei forenkla avreknings- og trekkordning. Føresegna supplerer reglane om å krevje tilbake utbetalingar i folketrygdlova § 22-15.

#### 5.4.2 Departementet si vurdering og forslag

Fram til 1. januar 2015 følgde reglane om reduksjon av ektefelletillegg og barnetillegg til uførepensjon av folketrygdlova § 3-26. Etter innføringa av uføretrygd er barnetillegg regulert i folketrygdlova § 12-16. Ektefelletillegg til uføretrygda blei regulert i forskrift av 3. juli 2014 nr.947 om omrekning av uførepensjon til uføretrygd § 8, og blir berre gitt til dei som hadde rett til slikt tillegg før 2015. Medan etterlatne uføre tidlegare fikk den døydde sine pensjonsrettar rekna som ein del av uførepensjonen, er dette no gitt som eit tillegg til uføretrygda. Dette følger av folketrygdlova § 12-18, og av forskrift om omrekning av uføretrygd § 7 for personar som per 31. desember 2014 hadde uførepensjon til attlevande ektefelle. Ved ein inkurie blei ikkje § 22-16 endra slik at ordlyden femne om desse tillegga, i tråd med gjeldande rett. Departementet foreslår derfor ei oppretting i tilvisinga i føresegna som inneber at andre ledd bokstav c blir endra til «uføretrygd etter kapittel 12». Med uføretrygd meiner departementet her både uføretrygd, barnetillegg, ektefelletillegg og gjenlevandetillegg til uføretrygda.

Gjeldande føresegner om etteroppgjør i folketrygdlova § 12-14 fjerde ledd og forskrift om uføretrygd §§ 4-1 og 4-2, gjeld avrekning dersom uføretrygda eller dei ovannemnde tillegga er utbetalte med for høge beløp fordi mottakaren har hatt ei inntekt som er høgare enn føresett.

Departementet viser til lovforslaget, folketrygdlova § 22-16.

#### 5.4.3 Ikraftsetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar

Endringa vil ikkje ha økonomiske eller administrative konsekvensar. Departementet foreslår at endringa trer i kraft straks.

### 5.5 Oppheving av hjelpestønad sats 0 – folketrygdlova § 26-2

#### 5.5.1 Innleiing og bakgrunn

Departementet foreslår å oppheve overgangsordninga for hjelpestønad til hjelp i huset (sats 0).

Fram til 1992 blei det gitt hjelpestønad til hjelp i huset frå folketrygda. Stønaden skulle avhjelpe dei følgjene sjukdomen, skaden eller lytet hadde for mottakaren si evne til sjølv å utføre husarbeidet, ved å kompensere for utgifter til å leie hjelp.

I 1992 blei ordninga med hjelpestønad til privat hjelp i huset oppheva, jf. Ot.prp. nr. 5 (1991–1992). Det blei mellom anna vist til at denne ordninga og dei kommunale ordningane med heimehjelp stor sett hadde dei same formåla og at ein del fekk dobbeltkompensasjon. Departementet uttalte at det ville vere mest føremålstenleg at dei offentlege ressursane på dette området blei nytta til å styrke dei kommunale ordningane for heimehjelp. Opphevinga blei gjort for nye tilfelle. Daverande mottakarar fekk behalde stønaden. Stortinget har årleg fastsett storleiken på hjelpestønad sats 0 på same måten som for dei andre hjelpestønadssatsane.

#### 5.5.2 Departementet si vurdering og forslag

Departementet meiner at det no – 25 år seinare – er grunn til å oppheve overgangsordninga. Departementet viser til at det er eit kommunalt ansvar å tilby naudsynte helse- og omsorgstenester til dei som oppheld seg i kommunen, jf. lov 24. juni 2011 nr. 30 om kommunale helse- og omsorgstenester. Slike tenester kan mellom anna vere personleg assistanse, under her praktisk bistand til hjelp i huset. Departementet vil også peike på at dei kommunale tenestene har blitt bygga ut i åra etter 1992. Dei som i dag nyttar hjelpestønaden til å dekkje privat hjelp i huset, vil kunne søkje kommunane om hjelp.

Hjelpestønad sats 0 går i dag ikkje fram av folketrygdlova. Overgangsordninga gikk fram av folketrygdlova av 1966 § 8-2 bokstav b. Da den nye folketrygdlova blei innført i 1997 og 1966-lova oppheva, blei føresegna om hjelpestønad til hjelp i huset for krav satt fram før 1992 ikkje ført vidare. Sjølv om ordninga i dag ikkje er rettsleg regulert i

folketrygdlova, har ordninga vore basert på ein rett med ei klar lovforankring i 1966-lova. Etter departementet sitt syn vil det derfor vere mest ryddig at opphevinga av overgangsordninga skjer gjennom eit lovvedtak. Departementet foreslår at det blir tatt inn ei føresegn i folketrygdlova § 26-2 (overgangsregler) om at hjelpestønad til hjelp i huset ikkje blir ytt etter 1. juli 2018.

Departementet viser til lovforslaget, folketrygdlova § 26-2.

#### **5.5.3 *Ikraftsetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar***

Departementet foreslår at endringa trer i kraft frå 1. juli 2018. Forslaget er rekna å gi ei innsparing på om lag 73 mill. kroner i 2018. Dei økonomiske konsekvensane er innarbeidde i Prop. 1 S (2017–2018) for Arbeids- og sosialdepartementet. Forslaget vil ikkje ha nemneverdige administrative konsekvensar.

### **5.6 Retting av tilvisingar i folketrygdlova § 2-5 andre leddet**

Folketrygdlova § 2-5 gir reglar om kven som er medlem i folketrygda ved opphold utafor Noreg. Første leddet lister opp ei rekke personkategoriar som er pliktige medlemmer. Andre leddet inneholder reglar om medfølgjande ektefelle og barn til slike personar. Reglane er ikkje dei same for alle kategoriene.

Ved lov 12. august 2016 nr. 77 om verneplikt og tjeneste i Forsvaret m.m. (forsvarslova), som trådde i kraft 1. juli 2017, blei mellom anna folketrygdlova § 2-5 første leddet bokstav d oppheva. Ved ei inkurie blei det ikkje samstundes gjort endringar i § 2-5 andre leddet. Tilvisinga i andre leddet første punktum til bokstavane a til f i første leddet har derfor ikkje blitt endra. Tilvisinga skal vere til bokstavane a til e. Vidare har ikkje tilvisinga i andre leddet andre punktum til bokstavane c til f i første leddet blitt endra. Tilvisinga skal vere til bokstavane c til e.

Departementet foreslår at denne rettinga nå blir gjort, og at endringa trer i kraft straks.

### **5.7 Retting i folketrygdlova kapittel 9 – oppheving av § 9-11 a**

Nye reglar om pleiepengar ved sjuke barn i folketrygdlova kapittel 9 del III trådde i kraft 1. oktober

2017 samstundes som dei tidlegare reglane om pleiepengar i kapittel III blei oppheva, jf. lov om endringar i folketrygdloven mv. (pleiepenger ved pleie av syke barn) 11. mai 2017 nr. 25. Mellom anna skal reglane om gradering av pleiepengar bli regulerte i folketrygdlova § 9-11, mot tidligare § 9-11 a.

I Prop. 48 L (2016–2017) var departementet sitt lovforslag utforma slik at ein foreslo å endre heile kapittel 9 del III med nye føresegner om pleiepengar. Dette blei omtala slik i lovforslaget; «Kapittel 9 del III skal lyde: III. Pleiepenger og opplæringspenger». Etter det følgde dei nye paragrafane med nye reglar om pleiepengar. På denne måten skulle alle dei tidligare paragrafane i del III frå § 9-10 til §§ 9-17, inkludert § 9-11a, bli oppheva samstundes som dei nye paragrafane blei innført som ny del III.

I Innst. 246 L (2016–2017) blei lovforslaget endra til «Kapittel 9 romertall III overskriften skal lyde:», og etter det følgde dei nye paragrafane frå § 9-10 til § 9-17. Reint lovtaknisk endra ein då berre overskrifta til del III og dei nemnte paragrafane, og ikkje heile del III. Når ein på den måten endra dei einskilde paragrafane, og ikkje heile del III, måtte ein også særskilt ha oppheva § 9-11 a for at denne paragrafen ikkje lenger skulle gjelde. Dette blei ikkje gjort. Det er ein feil som departementet nå foreslår blir retta opp, og at endringa trer i kraft med verknad frå 1. oktober 2017.

Departementet viser til lovforslaget, oppheving av folketrygdlova § 9-11 a.

### **5.8 Retting av ei tilvising i folketrygdlova § 23-3**

Folketrygdloven § 23-3 gjeld trygdeavgifta som reknast av personinntekter etter skattelova. Av § 23-3 andre leddet nr. 2 bokstav g går det fram at trygdeavgifta skal reknast med mellomsats av overgangsstønad etter kapittel 15 i folketrygdlova. Her blir det vist til folketrygdlova § 15-6. I samband med at det blei vedteke ei rekke endringar i folketrygdlova kapittel 15 i juni 2015, blei denne tilvisinga ved ein inkurie ikkje endra. Tilvisinga skal vere til § 15-5, som etter endringane svarar til den tidlegare § 15-6.

Departementet foreslår at denne rettinga blir gjort, ved at tilvisinga i folketrygdlova § 23-3 blir endra til den rette paragrafen, og at endringa trer i kraft straks.

## **6 Endringar i arbeids- og velferdsforvaltningslova og folketrygdlova som følgje av ny folkeregisterlov**

### **6.1 Innleiing og bakgrunn**

Tilgang til opplysningar fra Folkeregisteret omfatta av teieplikt i forvaltninga krev heimel i lov. Etter folkeregisterlova av 1970 fanst heimelen for utlevering i folkeregisterlova, og registermyndigheita kunne gjere vedtak om kven som skulle få tilgang til opplysningane. Arbeids- og velferdssetaten har i dag tilgang til slike opplysningar etter vedtak fra registermyndigheita. Avgjerd etter denne ordninga gjeld fram til 1. oktober 2018. I følgje lov om folkeregistrering av 9. desember 2016 nr. 88 kan opplysningar omfatta av teieplikt berre utleverast til myndigheter eller verksemder som har heimel i eiga sektor- eller verksemdslov.

### **6.2 Departementet si vurdering og forslag**

Tilgang til opplysningar fra Folkeregisteret er avgjerande for Arbeids- og velferdssetaten si verksemde. Regjeringa tilrår at Arbeids- og velferdssetaten får tilgang til opplysningar omfatta av teieplikt i Folkeregisteret og at føresegna blir lovfesta i arbeids- og velferdsforvaltningslova. Heimelen er utforma med sikte på å dekke Arbeids- og velferdssetaten sitt behov for tilgang til opplysningar for å løyse dei oppgåver etaten til ein kvar tid er pålagt, uavhengig av om oppgåvene er gitt i medhald av lov eller anna rettsgrunnlag.

For at Arbeids- og velferdssetaten skal kunne nytte opplysningane i Folkeregisteret og andre offentlege registre på eit effektivt sett, er det i tillegg naudsint å endre prosedyrane for å henta inn opplysningar i folketrygdlova § 21-4 c fjerde ledd. Regjeringa tilrår at det i føresegna gjerast unntak frå kravet om å oppgi heimel og formål ved førespurnad om opplysningar til kontrollformål frå offentlege registre. Desse krava passar ikkje med direkte tilgangsløysingar. Forslaget støtter også opp under «once only-prinsippet» – om at det offentlege ikkje skal innhente dei same opplysningsane frå private fleire gongar, og legg til rette for at Arbeids- og velferdssetaten raskt kan få tilgang til opplysningar frå offentlege registre. Heimel for å hente opplysningar til kontrollformål går fram av folketrygdlova § 21-4.

Departementet viser til lovforslaget, folketrygdlova § 21-4 c og arbeids- og velferdsforvaltningslova ny § 7 a.

### **6.3 Iverksetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar**

Departementet foreslår at lovendringane trer i kraft frå 1. januar 2018. Endringane vil ikkje ha nemneverdige økonomiske eller administrative konsekvensar.

## **7 Retting av feil i arbeidsmiljølova § 18-6 om påleggskompetansen til Arbeidstilsynet**

31. mars 2017 vedtok Stortinget endringar i lov 17. juni 2005 nr. 62 om arbeidsmiljø, arbeidstid og stellingsvern mv. (arbeidsmiljølova). Endringane skulle bidra til å gjennomføre handhevingsdirektivet (Råds- og parlamentsdirektiv 2014/67/EU om håndhevingen av direktiv 96/71/EF om utsending av arbeidstakere innenfor rammen av tjenesteyteler, og om endring av forordning (EU) nr. 1024/2012 om administrativt samarbeid gjennom Indre marked Informasjonssystem) i norsk rett. Ei av endringane var å utvide påleggskompetansen til Arbeidstilsynet, noko som innebar ei endring av § 18-6 første ledd.

Arbeids- og sosialdepartementet er blitt oppmerksam på at denne lovendringa har blitt oppheva ved ei seinare lovendring av same paragraf. Stortingen vedtok endringar i arbeidsmiljølova § 18-6 første ledd ved to ulike høve våren 2017. Første gongen var ved loven 31. mars 2017 nr. 12 om endringer i arbeidsmiljøloven (gjennomføring av håndhevingsdirektivet mv). Ved denne endringslova blei både § 1-7 og § 14-15 femte ledd tatt inn i opplistinga i § 18-6 slik at Arbeidstilsynet fekk heimel til å handheve føresegner i utsendingsforskrifta samt plikta for arbeidsgjevarane til å gi arbeidstakarane skriftleg oppgåve over måten lønna er rekna ut på, grunnlaget for feriepengar og trekk som er gjort.

Andre gongen § 18-6 første ledd blei endra var ved lov 16. juni 2017 nr. 42 om endringer i arbeidsmiljøloven (varsling og arbeidstid). Ved ein feil var ikkje den allereie vedtekne lovendringa om påleggskompetansen til Arbeidstilsynet tatt inn i departementet sitt forslag til endring av same paragraf i Prop. 72 L (2016–2017) om varsling og arbeidstid. Feilen førte til at endringa av § 18-6 om å utvide påleggskompetansen til Arbeidstilsynet som allereie var vedteken av Stortingen, blei uteklate i lov 16. juni 2017 nr. 42.

Departementet legg med dette fram forslag om å rette feilen. Departementet foreslår at arbeidsmiljølova § 18-6 første ledd blir endra slik at lovendringa Stortingen vedtok i lov 31. mars

2017 nr. 12 om endringer i arbeidsmiljøloven (gjennomføring av håndhevingsdirektivet mv.) blir gjennomført. Departementet viser til omtalen av forslaget om å utvide påleggskompetansen til Arbeidstilsynet i Prop. 5 L (2016–2017) punkt 6.4.

Departementet viser til det vedlagte lovforslaget, arbeidsmiljølova § 18-6 første ledd.

## **8 Merknader til dei einskilde lovendringsforsлага**

### **8.1 Merknader til endringa i sjømannspensjonslova**

Til § 14

Tidligare nr. 2 og 3 i føresegna er tatt inn som høvesvis nr. 1 og nr. 2.

Nr. 1 første punktum gjev reglar om at overskot i rekneskapsåret skal leggjast til pensjonstrygda sitt reguleringsfond, medan andre punktum fastset at underskot skal dekkjast av reguleringsfondet.

Nr. 2 bestemmer at trygda sine fond blir forvalta av styret etter reglar fastsett av Kongen med godkjenning frå Stortinget. Sjå pkt. 2.

### **8.2 Merknader til endringane i trygde-rettsslova**

Til § 3

Det er tatt inn tilvising til domstollova § 55 fjerde leddet for å sikre at Trygderetten har høve til å innhente politiattest, og dermed kunne kontrollere kravet om tilfredsstillande vandel og at røysteretten ikkje er frådømd. Sjå pkt. 3.1.

Til § 26

Tidligare § 23 tredje leddet tredje punktumet om at myndigheita til å anlegge søksmål om ein orskurd i Trygderetten ligg til Arbeids- og velferdsdirektoratet, blir tatt inn i § 26 fjerde leddet nytt tredje punktum. I nytt femte ledd er det tatt inn ei føresegn som inneber at departementet i einskilde saker kan overta utøvinga av statens partsstilling frå eit underordna organ. Sjå pkt. 3.2.

Til § 31

Føresegna blir endra for at Trygderetten skal kunne sende ut orskurdar og vedtak til den

ankande parten elektronisk. Den elektroniske sendinga må tilfredsstille både sikkerheit og krav om å dokumentere tidspunktet for sendinga. Elektronisk sending kan skje ved bruk av ulike elektroniske løysingar. Sjå pkt. 3.4.

### **8.3 Merknader til endringa i forskotteringslova**

Til § 5

Føresegna justerast som følgje av at redusert forskot avviklast. Sjå pkt. 4.

Til § 7

Føresegna i fjerde leddet andre punktum blir oppheva, di satsen for redusert forskot vert avvikla. Sjå pkt. 4.

### **8.4 Merknader til endringane i folketrygdlova**

Til § 2-5 andre leddet

Paragrafen inneheld reglar om kven som er pliktig medlem i folketrygda ved opphold utoft Noreg. Endringa inneber ei oppretting, slik at reglane i andre leddet viser til dei same kategoriene i første leddet som dei gjorde før den endringa av første leddet som fant sted i samband med innføringa av forsvarsloven. Sjå pkt. 5.6.

Til § 4-4

Paragrafen gjeld kravet om minsteinntekt for rett til dagpengar. Det første leddet blir endra slik at berre arbeidsinntekta frå det sist avslutta kalenderåret for søkerstidspunktet kan leggjast til grunn ved vurderinga av kravet til minsteinntekt. Samstundes blir andre leddet endra, slik at det går fram at sjukepengar etter folketrygdlova kapittel 8 og pleiepengar m.m. etter folketrygdlova kapittel 9 blir rekna som arbeidsinntekt etter denne paragrafen, men berre når retten til desse ytingane er tent opp som arbeidstakar. Sjå pkt. 5.1.

Til § 4-11

Paragrafen gjeld kva for ei inntekt som blir rekna med i grunnlaget som dagpengane reknast ut ifrå (dagpengegrunnlaget). Med endringa vil det gå fram at berre inntekter frå det sist avslutta kalenderåret for søkerstidspunktet skal inngå i dagpengegrunnlaget. Sjå pkt. 5.1.

**Til § 4-15**

Paragrafen gir reglar om at den tidlegare inntekta avgjer om dagpengemottakarane kan få dagpenge i anten inntil 52 eller 104 veker. Med den endringa som blir foreslått, vil berre dei som har hatt ei inntekt på minst 2G det sist avslutta kalenderåret før søknadstidspunktet, kunne få dagpenge i ein lang stønadspериode. Sjå pkt. 5.1.

**Til § 6-3**

Paragrafen inneholder reglar om rett til grunnstønad, medrekna grunnstønad til hald av førarhund. Etter første leddet ny bokstav h blir det gitt grunnstønad til hald av servicehund gitt med heimel i forskrift om stønad til servicehund for personar med nedsett funksjonsevne. Sjå pkt. 5.2.

**Til § 9-11 a**

Paragrafen gir reglar om gradering av pleiepengar som skulle ha vore oppheva som følgje av ny § 9-11 om gradering av pleiepengar. Paragrafen blir oppheva. Sjå pkt. 5.7.

**Til § 12-4**

Paragrafen gir reglar om alderskriteria for rett til uføretrygd. Endringa inneber ei oppretting. Da vilkåra i andre og tredje leddet skal gjelde for alle, ikkje berre dei som er medlemer, blir omgrepene «medlem» erstatta av «person» og «vedkommande». Sjå pkt. 5.3.

**Til § 21-4 c tredje ledd**

Det gjerast unntak frå plikta til å oppgi heimel og formål ved førespurnad om opplysningar frå offentlege register. Med offentlege register meiner ein register som blir forvalta av staten, fylkeskommunen eller kommunen, og register som blir forvalta av andre rettssubjekt på vegne av staten, fylkeskommunen eller kommunen. Heimelen for innhenting av opplysningar går fram av folketrygdlova § 21-4.

Endringa er naudsynt for å legge til rette for direkte tilgangsløysingar. Sjå pkt. 6.

**Til § 22-16**

Paragrafen gir reglar om avrekning av feilutbetalinger som skuldast for høg inntekt. Endringa

inneber ei oppretting, kor tilvisinga i føresegna blir endra til «uføretrygd etter kapittel 12». Med uføretrygd meinast her uføretrygd, samt barnetillegg, ektefellettillegg og gjenlevandetillegg gitt med heimel i folketrygdlova kapittel 12 og forskrift om omrekning av uføretrygd. Sjå pkt. 5.4.

**Til § 23-3**

Av paragrafen går det mellom anna fram at det skal reknast trygdeavgift med mellomsats av overgangsstønad til einsleg mor eller far. Med endringa blir tilvisinga til folketrygdlova § 15-6, retta til § 15-5. Sjå pkt. 5.8.

**Til § 26-6**

Paragrafen gir overgangsregler i samband med innføringa av folketrygdlova av 1997 og opphevinga av folketrygdlova av 1966. Som følgje av at overgangsordninga for hjelpestønad til i huset (sats 0) blir avvikla frå 1. juli 2018, er det føydd til eit nytt tredje punktum i første leddet. Sjå pkt. 5.5.

## **8.5 Merknader til endringa i lov om arbeids- og velferdsforvaltninga**

**Til ny § 7 a**

I følgje lov om folkeregistrering av 9. desember 2016 nr. 88 kan opplysningar omfatta av teieplikt berre utleverast til myndigheter eller verksemder som har heimel i eiga sektor- eller verksemder. Paragrafen gir Arbeids- og velferdsetaten rett til tilgang til opplysningar i Folkeregisteret omfatta av teieplikt for å løyse etaten sine oppgåver. Føresegna vidarefører dagens rettstilstand. Sjå pkt. 6.

## **8.6 Merknader til endringa i arbeidsmiljølova § 18-6 første ledd**

Påleggskompetansen til Arbeidstilsynet blir utvida til også å omfatte § 1-7 og § 14-15 femte ledd. Lovendringa blei vedtatt av Stortinget i mars 2017, men blei ved ein feil oppheva ved ei seinare lovendring, sjå omtale i pkt. 7. Endringa i § 18-6 gir Arbeidstilsynet heimel til både å handheve føresegner i utsendingsforskrifta og plikta for arbeidsgjevaren til å gi arbeidstakaren ei skriftleg oppgåve over måten lønna er rekna ut på, grunnlaget for feriepengar og trekk som er gjort. Sjå pkt. 7.

**Arbeids- og sosialdepartementet****t i l r å r :**

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i lov om pensjonstrygd for sjømenn, trygderettslova, folketrygdlova og einskilde andre lover (Samleproposisjon hausten 2017).

---

**Vi HARALD**, Noregs Konge,

**s t a d f e s t e r :**

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i lov om pensjonstrygd for sjømenn, trygderettslova, folketrygdlova og einskilde andre lover i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

**Forslag****til lov om endringar i lov om pensjonstrygd for sjømenn, trygderettslova, folketrygdlova og einskilde andre lover****I**

I lov 3. desember 1948 nr. 7 om pensjonstrygd for sjømenn skal desse endringane gjerast:

§ 14 nr. 1 blir oppheva.

§ 14 noverande nr. 2 og nr. 3 blir nr. 1 og nr. 2.

**II**

I lov 16. desember 1966 nr. 9 om anke til trygderetten skal desse endringane gjerast:

§ 3 sjuande ledd skal lyde:

(7) Domstolloven § 53, § 55 fjerde ledd og § 60 gjelder for rettsmedlemmene og rettsfullmektingene.

§ 26 fjerde og nytt femte leddet skal lyde:

(4) Når søksmålet reises mot offentlig myndighet, skal det reises mot det organ som var anke-

motpart ved sakens behandling for Trygderetten. Dersom Arbeids- og velferdsetaten var ankemotpart, skal søksmålet rettes mot Arbeids- og velferdsdirektoratet. *Direktoratet skal også anses som part etter bestemmelsen i første ledd.*

(5) *Departementet kan i enkeltsaker overta utøvelsen av statens partsstilling.*

Noverande femte ledd blir nytt sjette ledd.

§ 31 første og andre leddet skal lyde:

(1) Trygderettens melding til den ankende part om rettens kjennelse og beslutning som hever en sak som bortfaller uten realitetsavgjørelse, gis gjennom rekommendert brev. Andre meldinger gis på den måten retten finner hensiktsmessig. *Trygderettens meldinger kan gis ved bruk av elektroniske løsninger.*

(2) Meldingen anses for mottatt to uker etter innlevering til postoperator, hvis ikke vedkommende har fått brevet tidligere. *Ved bruk av elektronisk kommunikasjon anses melding kommet*

*fram ved avsendelse til riktig elektronisk postadresse.*

### III

I lov 17. februar 1989 nr. 2 om bidragsforskott skal desse endringane gjerast:

§ 5 første leddet skal lyde:

Departementet fastsetter det beløp som kan utbetales som bidragsforskott per barn. Beløpet kan *forhøyes med* en tredel, avhengig av forskotts-mottakers inntekt. Forhøyet forskott ytes dersom mottakeren ikke ville ha hatt bidragsevne etter barnelova § 71 første ledd andre punktum vurdert som enslig uten barn.

§ 7 fjerde leddet andre punktumet blir oppheva.

### IV

I lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd skal desse endringane gjerast:

§ 2-5 andre leddet skal lyde:

Ektefelle og barn som forsørges av og oppholder seg i utlandet sammen med en person nevnt i første ledd bokstavene *a til e* er pliktige medlemmer i trygden. Ektefellen til en person som nevnt i første ledd bokstav *a* eller *b*, må være norsk statsborger. Ektefellen til en person som nevnt i første ledd bokstav *c til e*, må ha vært medlem i trygden i minst tre av de siste fem kalenderårene.

§ 4-4 første leddet skal lyde:

For å få rett til dagpenger må medlemmet i *det siste avsluttede kalenderåret før det søkes om stønad ha hatt en brutto arbeidsinntekt som minst svarer til 1,5 ganger grunnbeløpet på søknadstidspunktet.*

§ 4-4 andre leddet skal lyde:

Likestilt med arbeidsinntekt etter denne bestemmelseren *er sykepenger* etter kapittel 8, *omsorgspenger, pleiepenger og opplæringspenger* etter kapittel 9 og svangerskapspenger og foreldre-penger etter kapittel 14, *når rett til stønad er opptjent som arbeidstaker.*

§ 4-11 andre leddet andre punktum blir *oppheva*. Noverande tredje punktum blir nytt andre punktum.

§ 4-15 første leddet første punktum skal lyde:

Det ytes hele eller graderte dagpenger i en full stønadsperiode på til sammen 104 uker til medlem

som har hatt arbeidsinntekt, jf. § 4-4, i sist avsluttede *kalenderår på* minst 2 ganger grunnbeløpet.

§ 6-3 første leddet ny bokstav *h* skal lyde:

h) *til hold av servicehund gitt med hjemmel i forskrift.*

§ 9-11 a blir oppheva.

§ 12-4 andre og tredje leddet skal lyde:

Dersom krav om uføretrygd settes fram etter at *personen* har fylt 62 år, er det et vilkår for rett til uføretrygd at *vedkommende* hadde en pensjonsgivende inntekt på minst folketrygdens grunnbeløp i året før uføretidspunktet (se § 12-8) eller minst tre ganger folketrygdens grunnbeløp i løpet av de tre siste årene før dette tidspunktet. Dette gjelder likevel ikke dersom uføretrygden er gitt med virkning fra et tidspunkt før personen fylte 62 år.

Vilkåret i andre ledd første punktum skal likevel ikke gjelde dersom *personen* ikke

- a) mottar ytelsjer som gjenlevende ektefelle etter kapittel 17 på nivå med minste pensjonsnivå etter § 19-8 eller garanti-pensjon etter § 20-9 beregnet med full trygdetid, eller
- b) har rett til uttak av hel alderspensjon etter kapitlene 19 og 20.

§ 21-4 c tredje leddet skal lyde:

Det innhentende organ skal oppgi formålet med opplysninger og erklæringer mv. som innhentes etter § 21-4 eller § 21-4 a første ledd. Det skal videre opplyses om hjemmelen for innhenting og om klageadgangen, se forvaltningsloven § 14. Dersom det i saker som nevnt i andre ledd i paragrafen her er fare for at kontrollhensyn motvirkes, kan formålet oppgis etter at opplysingene er utleverert. *Bestemmelsene i dette leddet gjelder ikke når Arbeids- og velferdsetaten henter opplysninger fra offentlige registre.*

§ 22-16 andre leddet bokstav *c* skal lyde:

c) uføretrygd etter kapittel 12.

§ 23-3 andre leddet nr. 2 bokstav *g* skal lyde:

g) overgangsstønad etter folketrygdloven § 15-5.

§ 26-2 første leddet nytt tredje punktum skal lyde:

Hjelpestønad til hjelp i huset (sats 0) som er innvilget etter lov 17. juni 1966 nr. 12 om folketrygd § 8-2 bokstav *b*, ytes ikke etter 1. juli 2018.

## V

I lov 17. juni 2005 nr. 62 om arbeidsmiljø, arbeids-tid og stillingsvern mv. skal § 18-6 første leddet lyde:

(1) Arbeidstilsynet gir de pålegg og treffer de enkeltvedtak ellers som er nødvendig for gjennomføringen av bestemmelserne i og i medhold av § 1-7, kapittel 2 til kapittel 11, samt §§ 14-1 a, 14-5 til 14-8, 14-9 første ledd bokstav f andre punktum og første ledd siste punktum, 14-12 andre ledd andre punktum, 14-12 tredje ledd, *14-15 femte ledd*, 15-2 og 15-15. Dette gjelder likevel ikke §§ 2 A-1, 2 A-2, 10-2 andre til fjerde ledd og § 10-6 tiende ledd.

## VI

I lov 16. juni 2006 nr. 20 om arbeids- og velferds-forvaltningen skal denne endringa gjerast:

Ny § 7 a skal lyde:

*§ 7 a Tilgang til opplysninger fra Folkeregisteret  
Arbeids- og velferdsetaten skal, uten hinder av taus-  
hetsplikt, ha tilgang til opplysninger i Folkeregiste-  
ret som er nødvendig for å utføre oppgavene etter  
loven her, herunder blant annet forvaltning og be-*

*regning av ytelsjer, veiledning og oppfølging av bru-  
kere. Etaten skal også ha tilgang til opplysningsene i  
registeret i forbindelse med utredning og produksjon  
av statistikk på de områdene etaten administrerer  
og kvalifiseringsstønad etter sosialtjenesteloven.*

## VII

1. Endringane i sjømannspensjonslova trer i kraft fra det tidspunktet Kongen bestemmer.
  2. Endringane i trygderettslova § 26 trer i kraft straks, mens endringane i trygderettslova §§ 3 og 31 trer i kraft 1. januar 2018.
  3. Endringane i forskotteringslova trer i kraft 1. januar 2018.
  4. Endringane i folketrygdlova §§ 4-4, 4-11, 4-15, 6-3, 21-4 c og 26-2 trer i kraft 1. januar 2018. Departementet kan gi overgangsreglar.
  5. Opphevinga av folketrygdlova § 9-11 a trer i kraft med verknad fra 1. oktober 2017.
  6. Endringane i folketrygdlova §§ 2-5, 12-4, 22-16 og 23-3 trer i kraft straks.
  7. Endringa i arbeidsmiljølova trer i kraft straks.
  8. Endringa arbeids- og velferdsforvaltningslova § 7 a trer i kraft 1. januar 2018.
-



07 Xpress AS  
Trykksak